



St. Petersfisk som vart fanga i Uskedalen (Foto: Jan Henrik Hansen)

For stutt tid sidan fekk Jan Henrik Hansen ein St. Petersfisk på garn ved Flatholm i Uskedalen. Men mykje tyder på at fleire sjeldne fiskar etter kvart kjem til Haradangerfjorden. Vi les til dømes i nettavisa for Mauranger og Ænes at Ragnar Nøttveit frå Ænes har fått ein havkaruss i sitt garn.



[Havkarussen som vart fanga ved Ænes. \(Foto: Ragnar Nøttveit\)](#)

Nøttveit tok med fisken heim for å ha han til middag, men det var ikkje særleg vellukka og han kan forstå at engelskmenne ikkje et han.

Men i leksika blir det opplyst at havkaruss (spondyliosoma cantharus) er ein god matfisk og at han er ettertrakta av både sports- og yrkesfiskarar.

Fisken kan bli opptil 1,2 meter lang og lever i hovudsak av virvellause dyr med hardt skal som dei finn på havbotnen.

Havkaruss lever i det austlege Atlanterhavet frå Noreg til Namibia og også i Middelhavet og Svartehavet. I Middelhavet foregår det eit omfattande fiske etter han.

Den er sjeldan i Nordsjøen og lenger nord.

Men er det nokon som har fått han også i Uskedalsområdet?

St. Petersfisken (zeus faber) held tradisjonelt til i dei same hav som havkaruss, men har i nyare tid vorte meir vanleg også i våre farvatn. Han kan bli opptil 90 centimeter lang og vega åtte kilo.

Av Ola Matti Mathisen